



Christer Martinsen
Dalemarka 121
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2370 - 22/44695

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
10.06.2022

Svar på spørsmål om faktura - gbnr 321/55 Dale nedre

Syner til spørsmål om kva satsar vi nyttar ved fakturering av byggesak.

Gebyr vert rekna ut frå lokal forskrift vedtatt i kommunestyre 16.12.2021 med endring vedtatt 24.02.2022, med heimel i pbl.§2-1 og §33-1. Sjå her:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/gebyr/>

Faktura er fastset ut frå eit sjølvkostprinsipp som går fram av gebyrregulativet:

Sjølvkost

Alver kommune har gjort vedtak om at ein del tenester skal ha full kostnadsdekning. Det vil seia at brukarane skal dekkja alle kostnadene kommunen har ved å levera desse tenestene (sjølvkost).

Dette gjeld:

- Renovasjon
- Vatn og Avlaup
- Tøming av private slamavskiljarar
- Feiing og Tilsyn
- Dispensasjons-, bygge- og delingssaker
- Plansaker
- Arbeid etter matrikkellova (Oppmålingstenester)
- Arbeid etter lov om eigarseksjonar (seksjonering)

Utrekning av gebyr og sjølvkostrekneskap, er gjort i samsvar med ny forskrift om berekning av samla sjølvkost for kommunale gebyr. (FOR-2019-12-11-1731)

Det går vidare fram i punkt 3 i gebyrregulativ at gebyr etter regulativet er fastset etter faste gjennomsnittskostnadar med ei sak.

Informasjon om klagerett og redusert gebyr følgjer av punkt 9 og 10 i regulativet.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Christer Martinsen

Dalemarka 121

5918

FREKHAUG